

RIKSTEATRET



# Årsmelding


2008

“ Det er den draumen me ber på – at noko vedunderleg skal skje, skreiv Olav H. Hauge, som vi feira i 2008, og her i Riksteatret har vi mange draumar og visjonar for framtida. Ellen Horn



Stein Grønli i *Kom ikkje med heile sanningi*. Foto: Erik Berg.

# Innhold:



Satsinga på mangfald har gitt oss ny innsikt og energi.

4



“@lice fekk unge menneske til å kjenne seg att.”  
Adil Khan

10



Rogaland Teater og Riksteatret samarbeidde om ultimat Broadway-parodi og rørende Fosse-oppletjing.

9+14



“Twist 08 vart ein politisk relevant festival.”  
IdaLou Larsen

13



Erlend Sandem tvinga oss til innleving.

16

4. Leiar
8. Jeppe
9. Barnet
10. @lice
11. Folk og røvere i Kardemomme by
12. Min forestilling om mor
13. TWIST08
14. Little me
15. Mitt namn er Rachel Corrie
16. Zivil
17. Kom ikkje med heile sanningi
18. Polaroid
19. Pulverheksa
19. Ooujeeih!
20. Arrangørane
20. Skuletilbod
21. Samarbeid
21. Sponsorsamarbeid
22. Rekneskap 2008
23. Årsrapport
28. Tal
30. Rapport frå Barnet
32. Takk for godt samarbeid

# Mangfald gir innsikt og energi

Mangfaldsåret 2008 er historie, og Riksteatret står midt i feiringa av 60-årsjubileet sitt. Satsinga på mangfald har gitt oss ny innsikt og energi, og vil stå sentralt som viktig strategisk satsingsområde også i åra som kjem. Riksteatret skal halde fram med å fortelje historier om det fleirkulturelle nye Noreg, vi skal arbeide med å nå fram til eit fleirkulturelt publikum, og vi skal streve etter eit større etnisk mangfald når vi rekrutterer medarbeidarar på alle nivå i teatret.

For 20 år sidan tok Riksteatret tak i dei fleirkulturelle utfordringane, då teaterstykket Pakkis av Khalid Hussain vart sett på plakaten. Ei ny og meir systematisk tenking rundt mangfald vart ført vidare då styret for Riksteatret vedtok strategiplan for 2005–2010. Der er eit av hovudmåla å satse på å utvikle større mangfald, både etnisk, kulturelt og kunstnarleg.

I storsatsinga Folk og røvere i Kardemomme by hadde vi eit mangfaldig ensemble. Saman med framsyninga følgde ei utstilling om korleis Thorbjørn Egner henta inspirasjon til å skape ein del av vår norske kulturarv i det nordafrikanske landet Marokko. "Toleranse i sin enkleste form," skreiv han. Sjølv sagt. Framsyninga vart spelt på alle våre 72 spelestader (og gjestespel på Chateau Neuf i Oslo), og vart både ein kunstnarleg og publikumsmessig siger for Riksteatret. Gjennom flyktninge-guidane i Røde Kors gav vi gratis billetter til barn i flyktningmottak langs reiseruta.

Riksteatret tinga også eit nyskrive stykke av den unge dramatikaren Erlend Sandem, Zivild, inspirert av Bertolt Brechts Mutter Courage. Stykket handlar om sivilbefolkninga i ein krigssituasjon og kunsten å skape samhald for å overleve. Framsyninga med skodespelar Marit Østby i sentrum for eit ungt, gåverikt og mangfaldig ensemble hausta stor fagnad, men nådde dessverre berre fram til eit avgrensa publikum.

Vi inviterte Nordic Black Theatre og Det Åpne Teater til å vere med på å arrangere ein ny mangfaldsfestival. TWIST08 presenterte framsyningar frå teatra utanfor Oslo, frie grupper og ei rad internasjonale scenekunsttilbod.

Danseframsyninga i fjor haust var også del av vår mangfaldssatsing, då vi sende ut Jo Strømgrens Polaroid, produsert av NAPA på Grønland, med grønlandske dansarar for første gong på turné i Noreg. Vår samarbeidspartnar er full av lovord, og understrekar kva denne kulturelle brua mellom Grønland og Noreg har å seie, og kritikarane var oppglødde.

“ Samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar er krevjande, men sær utbyterikt og viktig for fornying. 2008 var i så måte eit rekordår for Riksteatret.



*Ellen Horn fekk Kristinprisen 2008 - på kulturfestivalen i Sel.  
Foto: Ketil Sandviken /GD*

Eit anna døme er White flight av den kurdiske dansaren Karwan Omar. Den var ein del av vårt EU-prosjekt An open Europe, og vart vist på TWIST o8. Dans er eit grenselaust uttrykk, scenspråket til dansen kan bli forstått av alle. Internasjonalt samarbeid er derfor sær relevant. Når Riksteatret no har hatt fast leveranse av dans gjennom meir enn 20 år, vil vi vurdere om vi ikkje i framtida kan utvide publikumstilbodet vårt med fleire internasjonale gjestespel med dans.

Samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar er krevjande, men sær utbyterikt og viktig for fornying. 2008 var i så måte eit rekordår for Riksteatret. Valet av Rogaland Teater i den europeiske kulturbyen Stavanger som vår hovudsamarbeidspartnar i 2008 viste seg å vere eit lykketreff. Deira oppsetjing av Jon Fosses Barnet drog på turné, og vi ko-produserte musikalen Little me, som vart vist for første gong i Noreg. Etter turneen fylte den hovudscenen på Rogaland Teater i to månader.

Riksteatret, som einaste tilbod av scenekunst mange stader i landet vårt, har ei sterk forplikting til heile tida å stikke fingeren i jorda og ha kontakt med samfunnet. Vi skal vere eit folkeleg teater i beste forstand av ordet – eit teater som alltid underheld og utfordrar, ein stad som gir både glede og avkopling og refleksjon og tilkopling. Riksteatret ønskjer å vere ein arena for medkjensle. Riksteatret skal også skape debatt og engasjement. Eit teater som inspirerer og begeistrar. Eit modig og dynamisk teater for heile Noreg.

A handwritten signature in black ink that reads "Ellen Horn". The signature is fluid and cursive.

Riksteatret si Marokko-inspirerte oppsetjing av Folk og røvere i Kardemomme by vart ein kunstnarleg suksess, sett av 45 000 publikummarar:





Med Kim Haugen, Anders Hatlo, Birgitte Victoria Svendsen/Ellen Horn, Stein Grønli, Geir Morstad, Per Vidar Anfinnsen, Axel Aubert, Ingolf Karinen og Linda Tørklep.  
Regi Kjetil Bang-Hansen. Scenografi/  
Kostymedesign John-Kristian Alsaker.  
Lysdesign Stian Lindquist.  
Komponist Guttorm Guttormsen.

# Jeppe

Av Ludvig Holberg. Bearbeidd av Kjetil Bang-Hansen

## Leiken og tankevekkjande Jeppe

Teatersjefen tok med seg eit stjernelag i turnébussen: Kim Haugen som Jeppe, Anders Hatlo som Baronen og Birgitte Victoria Svendsen, som ho sjølv delte Mor Nille-rolla med. Regissør Kjetil Bang-Hansen jakta på Jeppes sjel, og Kim Haugen framstilte eit menneske av kjøtt og blod som vi alle kunne forstå.

Jeppe vart produsert av Riksteatret i samarbeid med Nationaltheatret, der framsyninga også vart spelt etter turné.



“ Det var en stor opplevelse å få spille Jeppe. Et topp teknisk team og motiverte skuespillerkolleger gjorde reisen rundt i Norge til et minne for livet! **Kim Haugen**

“Denne Jeppe-oppsetningen er både leken og tankevekkende”

**VG (terningkast 5)**

“Resultatet er blitt en versjon av en klassiker som gir ny innsikt i det menneskelige (..) Dette er en spennende, farligere Jeppe”

**Dagbladet**

“Det er en fryd å se Kim Haugens suverene beherskelse av kroppsspråkets virkemidler, og aller mest hans uttrykksfulle mimikk”

**Klassekampen**

Premieren var i Horten 22. januar

Talet på framsyningar: 64  
Talet på publikum: 19 493



Med Marko Kanic, Mariann Hole, Ragnhild A. Mønness, Øystein Martinsen og Mette Arnstad

Regi Fridtjov Såheim. Scenografi Olav Myrtvedt. Lysdesign Haakon Espeland.

# Barnet

Av Jon Fosse

## Rørende rått frå Jon Fosse

Barnet vart ei rørende forteljing om to einsame sjeler – skriven av vår tids mest feira dramatikar. Agnes og Fredrik møter kvarandre ved eit busstopp, og vi følgjer utviklinga i forholdet deira gjennom forelsking og graviditet.

Kritikarane var begeistra etter premieren i Stavanger. Ein lun, rørende og humoristisk time med teater kunne publikum vente seg over det heile land, etter kva meldarane sa.

Barnet vart produsert av Riksteatret i samarbeid med Rogaland Teater, som var Riksteatret sin hovudsamarbeidspartnar i 2008.

“ Jeg skulle ønske jeg hadde hatt en slags turnéleder gjennom livet mitt; en som gir deg en lapp med oversikt over det som skal skje i morgon, en som passer på at alt ligger til rette for at du skal kunne gjøre jobben din best mulig, en som vet alt om hva som kommer rundt neste sving og i tillegg renner over av utrolige historier (...) Jeg skulle ønske den turnélederen var Ole Lillo-Stenberg, og at jeg bare kunne synke ned i setet i mitt livs turnébuss, vel vitende at dette kommer til å gå veldig, veldig bra. [Marco Kanic, Fra Barnet-turneens reiseblogg](#)

Premieren var på Rogaland Teater 26. januar.

Turnépremieren i Lyngdal 31. januar.

Talet på framsyningar: 69

Talet på publikum: 5768



Foto: Emilie Asley

“Fridtjov Såheims vellykka, humørfylte regigrep er aleine verd å sjå stykket for. (...) Humoren tyt fram, gjennom den lett irriterande flaskeamlaren, den nokså klossete legen, den overivrige mor til jenta i stykket, med litt for trong bukse og altfor mykje levd liv.” **Stavanger Aftenblad**

“Et rått, brutalt og vakkert stykke, og med enormt gode prestasjoner fra skuespillerne.” **Oppland Arbeiderblad**

Med Marianne Haugli, Adil Khan, Christine Stoesen, Gisle Hass, Sverre Indris Joner og Sissel Vera Pettersen.

Idé/regi/koreografi Kjersti Alveberg.  
Manus Stig Bang/Kjersti Alveberg.  
Scenografi/dokkedesign/kostymedesign/videoanimasjon Tormod Lindgren.  
Videoanimasjon Jean Marc Lepretre.  
Komponist Sverre Indris Joner. Elektroakustisk musikk/lyddesign Mats Claesson. Lysdesign Kristin Tunold-Hanssen.

# @lice

Av Kjersti Alverberg

## Visuell kjærleiksjakt på nettet

Riksteatret og Rikskonsertane gav Kjersti Alveberg frie taumar til å lage ein heilt ny type heilafantasi framføring. Resultatet vart ei rørende og humoristisk historie om den vakre @lice på jakt etter sin tilkommande på Internett. Musikarar, dansarar og dukkespelarar skapte ei visuell og vakker oppleving. Tormod Lindgren fekk Hedda-pris for særleg faglig innsats for sin strålende scenografi.

@lice blir send på NRK 2 Hovudscenen våren 2009.

Produsert av Riksteatret i samarbeid med Rikskonsertane.

“ Forestillingen hadde et uttrykk som nådde frem til et yngre publikum. Det er veldig stas å se at man river unge folk ut av stolen og inn i kulturhuset. @lice handlet om kjærlighet og det å være ensom. Jeg kunne se at mange kjente seg igjen. **Adil Khan**

Urpremieren var i Fredrikstad 26. februar

Talet på framføringar: 38  
Talet på publikum: 7239

Foto: Jo Michael



“Et underholdende sceneeventyr fra cyberspace hvor dans, teater og dukkespill forenes i visuell technoestetikk og forførende musikalitet.”

**VG (terningkast 5)**

“Dette er en flott forestilling for både ung og gammel”

**Dagsavisen**

“Adil både danser og ser ut som en gud”

**Aftenposten**

Med Bernhard Arnø/Glenn André Kaada, Kim Fairchild, Marte Wexelsen Goksøyr, Jan Huse, Radouane Kibbou, Asta Busingye Lydersen/Marte Stolp, Marius Næss, Sulekha Ali Omar/Ellen Dybvik, Issaka Sawadogo, Christoffer Staib, Bo Anders Sundstedt, Biniam Yhidego. Musikarar: Simon Mikkel Revholt, Kay Werner Hartvigsen, Mika Martinussen og Morten Michelsen/Arild Stav/Elisabeth Wulfsberg. Regi Marit Moum Aune. Koreografi Jan Ivar Lund. Kapellmeister Simon Revholt. Visuell design John-Kristian Alsaker. Kostymedesign Ingrid Nylander. Lysdesign Kari Sivertsen.

# Folk og røvere i Kardemomme by

Av Thorbjørn Egner

## Ei hyllest til toleransen

“Toleransen i sin enkleste form,” kalla Thorbjørn Egner sjølv Folk og røvere i Kardemomme by. I 1949 reiste han til Marokko, og der fekk han ideen til historia om denne fargerike byen der alle kan gjere som dei vil, berre dei er gode og snille mot kvarandre. Mellom palmar, krydder og kamelar teikna han dei første skissene til det som skulle bli Kardemomme by.

Riksteatret si framsyning vart ein sydande, mangfaldig og fargerik Kardemomme by som tydeleggjorde Egners inspirasjon frå Marokko.

“ Jeg hadde med meg barn og unge fra de burmesiske flyktningene vi har i byen, sammen med flyktningguider. Mine venner satt og smilte, lo, klappet, og fulgte spillet utrolig bra. Barneskoleelevene har nettopp hatt om boka på skolen. De kunne mange av tekstene, så de sang i bussen hjemover. De hadde kledd seg i fine klær, guttene hadde stylet hår (!) Jeg vet at dette lever alle på lenge, lenge.” **Guri Bjørlo, Flyktningeguiden, Møre og Romsdal Røde Kors**

Premieren var på Jessheim 5. mai

Talet på framsyningar: 111

Talet på publikum: 45 136



Foto: Sara Johannessen

“Visuell og frodig Egner-oppsetning”  
**Aftenposten**

“Dette er lek satt i system, med alle de kjente elementene i en ny og duggfrisk versjon” **Vårt Land**

“Varmt, vennligsinnet og godhjertet så det holder” **Dagbladet**

“Dette ville ha gledet min far”  
**Bjørn Egner til NRK-Dagsrevyen**

Med Bente Børsum  
På fiolin Susanne Schwar/  
Ragnhild Lien/ Ingrid Berg Mehus.

Dramatisering og regi Anne-Karen  
Hyttén. Scenografi Christine Lohre.  
Produsent Hilde Grythe.

# Min forestilling om mor

Monolog basert på Lise Børsum sine bøker, artiklar og brev, og intervju med Bente Børsum

## Inderleg historie frå siste verdskrigen

I denne enkle framsyninga fortel Bente om mor si, Lise Børsum, som var fange i tysk konsentrasjonsleir under den andre verdskrigen. Då krigen var slutt, greidde ho ikkje å vende tilbake til livet sitt som legefrue på beste Oslo vestkant. Ho forlét familien. Og Bente. – Ho var klok, ukonvensjonell og tvers igjennom ærleg i all si ferd. På eldre dagar sa mor ofte at ho angra på at ho forlet oss, seier Bente Børsum.



Foto: privat

“ Det var så stille under forestillingen at man kunne høre den berømte knappenålen. Mye takknemlige og rørte publikummere etter forestillingen. Det var spesielt å spille i dag på 9. april. Nok en gang var det mange som gjerne ville snakke med Bente etter forestillingen, og som hadde en historie å dele med henne.

[Forestillingsrapport frå Lillehammer frå inspisient Elisabeth Bredal](#)

Turnépremierer var i Førde 27. mars

Talet på framsyningar: 28

Talet på publikum: 4110

“En drivende spennende historie om et usedvanlig menneskes vekst – gjennom sitt fall”  
**VG**

“Det blir personlig, men ikke privat”  
**Aftenposten**

“Bente Børsum imponerer som skuespiller i dette stykket. Monologen hennes har en sterk, men nøktern tekst, og hun overspiller aldri”  
**Adresseavisen**

“Fikk du ikke sett forestillingen i går, så løp dit i morgen!”

**Drammens Tidende Terningkast 6**

# TWISTo8

## Ny festival med nye stemmer og nye historier

Riksteatret, Nordic Black Theatre og Det Åpne Teater gjekk saman om å lage ein storslegen festival i høve mangfaldsåret. I ti dagar vart det dans, teater, workshops og diskusjonar på tre teater, sju scener og på T-banen over heile Oslo.

Til Twist kom både internasjonale gjestespel og nye framsyningar laga av unge menneske med fleirkulturell bakgrunn i Noreg. Folk frå heile verda fortalde historier med rot i røynda.



Foto: Nordre Aker Budstikke

“Man får håpe at Twist ikke bare blir en engangsforteelse; Den er en politisk relevant festival som viser at for svært mange er teatret en viktig aktør i samfunnsdebatten.”

**IdaLou Larsen, Klassekampen**

Festivalperiode: 31.oktober til 9. november

Talet på framsyningar: 53

Talet på publikum: 5083

Med Hilde Louise Asbjørnsen, Per Christian Ellefsen, Mona Jacobsen, Marit Synnøve Berg, Jørn Morstad, Håkon Moe, Bjørn Holthe, Tom Arild Hansen, Mari Baade, Anette Amelia Larsen og Helga Guren. Musikk: Trond Lindheim/Petter Kragstad, Oddbjørn Aase og Frode Berg.

Omsett av Ivar Tindberg.  
Regi: Catrine Telle. Koreografi: Jonas Digerud. Arrangør/kapellmeister: Trond Lindheim. Scenografi: Tore Sæther.  
Kostymedesign: Ingrid Nylander.  
Lysdesign: Torill Lund.

# Little Me

Av Neil Simon, Cy Coleman og Carolyn Leigh

## Den ultimate musikalparodien

Broadwaymusikalen Little Me er ein parodi på alt, inklusive musikkgenren, innsiktslause sjølvbiografar, store puppar, og kjærleiken som toler alt. Hilde Louise Asbjørnsen og Per Christian Ellefsen hadde dei leiande rollene i denne oppsetjinga.

Vi møter Belle Poitrine, som dreg ut i verda for å skaffe seg ære og gjetord. Føremålet hennar er først og fremst å få den kjekke rikmannsguten Noble Eggleston på kroken. Undervegs deler ho sjenerøst ut av dei gåvene naturen har gjeve ho. Med dei to store fordelane jobbar ho seg opp frå naiv og undrande fattigjente til filmstjerne.

Produsert i samarbeid med Rogaland Teater.

“ Little Me reflekterer dagens overfladiske popkultur. Belle Poitrine er som Paris Hilton og Anna Nicole Smith – absolutt null talent for noe som helst, likevel er de berømte. Noe så banalt som store pupper er nok til å komme seg fram i verden. Jeg mener Little Me viser oss det stupide ved den slags liv og den slags eksponering.” **Operasjef Paul Curran, Den Norske Opera og Ballett. Frå programmet til Little Me.**

Noregspremieren var i Sandefjord 5. september

Talet på framsyningar: 79

Talet på publikum: 21 152



Foto: Cisle Bjørneby

“Hjertevarm latterbombe”  
**Aftenposten**

“Ellevill musikalfarse”  
**Dagbladet**

“En vittig dose hyggelig underholdning”  
**VG**

“Fornøydlig”  
**VÅRT LAND**

Med Kaja Varjord  
Regi Kjersti Horn. Scenografi/kostyme  
Anna Heymowska. Lysdesign Tobias  
Leira. Lyddesign og musikk Erik Hedin.

Tekster er redigerte av Alan Rickman  
og Katharine Viner. Omsett av Ingelin  
Røssland. Dramaturg Ola E. Bø.

# Mitt namn er Rachel Corrie

Av Rachel Corrie

## Brennbart dokumentardrama

I samarbeid med Det Norske Teatret fekk vi høve til å fortelje den sterke historia til den unge amerikanske jenta som vart drepen av ein amerikansk bulldosar medan ho jobba som fredsarbeidar på Gaza. Framsyninga byggjer på dagbøker, brev og e-postar og er blitt eit sterkt vitnesbyrd om ein idealistisk ungdom som endar med å ofre livet for det ho trudde på.

Produsert av Det Norske Teatret. På turné med Riksteatret.



Foto: Det Norske Teatret

“Ufattelig bra! Jeg trudde jeg skulle sovne idet jeg gikk inn i teatersalen, men gjett om Kaia klarte å holde meg engasjert og sette meg i selve situasjonen. Dette er en forestilling jeg ville sett om og om igjen. Fantastisk skuespiller! Tusen takk for en herlig og engasjerende opplevelse.”

**Yusuf Prince Ibra skreiv 21. oktober 2008 kl. 21:44  
på Rachel Corrie-gruppa på Facebook**

Noregspremieren var på Det Norske Teatret 24. januar  
Turnépremiere i Sandnes 1. september

Talet på framsyningar: 63  
Talet på publikum: 4942

“Et brennbart dokumentardrama om å gå i døden for menneskeverdet.”

**Aftenposten**

“Kaia Varjord har en naturlighet og trygghet i spillet som gjør at hun holder publikum i sin hule hånd”

**Dagsavisen**

Med Marit Østbye, Huy Le Vo, Terese Mungai, Besim Jakupi og Sara Baban.

Regi: Mette Brantzæg. Scenografi og kostymedesign: Erik Annar Evensen. Lysdesign: Ola Bråten. Lyddesign: Lars Årdal.

# Zivil

Av Erlend Sandem

## Når kjærleik og samhald blir livsviktig for å overleve

I Zivil møter vi ei vaksen kvinne og fire ungdommar som freistar å skape eit leveleg liv i ein kjellar medan krigen rasar utanfor. Vi veit ikkje kvar i verda handlinga går føre seg, berre at det skjer i dag, og at menneska held til i ein storby.

Zivil er ei sterk skildring av korleis menneske handlar i ein slik situasjon – der samhald og kjærleik blir livsviktig for å kunne overleve. Stykket er skriva av den unge og kritikarroste dramatikaren Erlend Sandem, og var eit bestillingsverk frå Riksteatret til Mangfaldsåret 2008.



Foto: Guillermo Farias

“Noe av det vanskeligste for oss mennesker å fatte synes å være samtidighet. At det faktisk er slik at samtidig med at vi lever våre relativt trygge liv, går i teatret og leser vårt Dagblad, blir noen akkurat nå voldtatt av Burmas militære, mishandlet i fangeleirer i Sudan, torturert i kinesiske og amerikanske fengsler, eller dør av overdose i Skippergata. Å virkelig ta inn at alt dette andre faktisk skjer, med de andre der ute, synes utenfor vår fatteevne. Eller kanskje er det tåleevne. Erlend Sandems nye stykke, ”Zivil” kaster slike skjebner i øynene på oss, i teatersalen... **Andreas Wiese, Dagbladet**

Urpremierer var i Førde 29. september

Talet på framsyningar: 31  
Talet på publikum: 1770

“Zivil” er blitt en sterk og medrivende opplevelse.”

**Klassekampen**

“Mette Brantzæg regisserer så det svir.”

**Aftenposten**

“Sterkt om krig”

**Dagsavisen**

“Erlend Sandem har en stemme det er verdt å lytte til”

**VG**



Med Stein Grønli, Eir Inderhaug og Ket Iren Lødemel (musikar).

Scenisk konsept og regi: Ola B. Johannessen. Komponist: Ragnar Bjerkreim og Per Indrehus. Scenografikonsulent: Helge Hoff Mønsen. Lysdesign: Martin Myrvold.

# Kom ikkje med heile sanningi

Av Olav H. Hauge. Sett saman av Ola E. Bø.

## Eit vakkert portrett av Olav H. Hauge

Det er den draumen me ber på, at noko vedunderleg skal skje, skreiv Olav H. Hauge og vart ein av våre mest folkekjære diktarar. Olav H. Hauge sin livsvisdom, gleda over dei kvardagslege tinga og humoren går rett i hjartet på så vel oss nordmenn som utlendingar.

Riksteatret feira 100-årsjubileet hans med ei personleg reise i livet og diktinga hans, basert på diktarens eigne dagboknotat og dikt. Det blei ei inderleg framsyning – som sette døra på gløtt inn til gartnaren sitt hus.



“ Han hadde ei sterk utstråling og masse sjarm, ikkje minst når han las dikta sine. Alle som har hørt han lese, gløymer det ikkje. Mange trur kanskje han var stillfaren og smålåten, men han sat ikkje akkurat taus i ein stol bortgøymd i ein krok. Olav var humoristisk og snakkesalig og likte å vere i godt lag saman med gode vener. Han visste kva han var verd, han strålte ikkje ut noka mindreverdsjensle.

**Bodil Cappelen om mannen sin Olav H. Hauge.**  
**Frå programmet til Kom ikkje med heile sanningi.**

“En vakker og velklingende teatertime”  
**Aftenposten**

“En fin døråpner inn i Hauges diktning”  
**VG**

“Vakkert og svært tilgjengelig”  
**Dagbladet**

“Lys og lett”  
**Vårt Land**

Talet på framsyningar: 37  
Talet på publikum: 4171

Med Nukâka Coster-Waldau,  
Kristian Mølgaard, Vivi Sørensen,  
Varste Mathæussen Berndtsson,  
Kristina Sørensen Ougaard.

Regi, koreografi, tekst og lysdesign  
Jo Strømgren. Scenografi, kostyme,  
lysdesign Stephan Østensen. Kosty-  
medesign Anna-Nuka Olsen Rosing.  
Musikk John Zorn, Lill Lindfors.  
Lyddesign Lars Årdal.

# Polaroid

Av Jo Strømgren

## Hva går egentleg føre seg rundt Nordpolen?

Jo Strømgren er ein mann som undrar seg over det meste, og denne gongen viste han oss heilt nye "sanningar", djupt forankra i det faktum at vi egentleg veit heller lite om urfolks liv og livnad. Resultatet vart ein morosam, absurd og uhøgtidleg time om seksualitet, kvinnelegheit, drifter, behov og isolasjon. Ei framsyning med eit klart Jo Strømgren-stempel.

Framsyninga har gått for fulle hus på Grønland, gjesta Det Kongelige Teater i København og hatt ein solid internasjonal turné. Polaroid vart nominert til Best Show Fringe-festival i Dublin 2008. Våren 2009 gjestar framsyninga USA.

Produsert av Jo Strømgren Kompani og NAPA / Nordens Institut i Grønland.



“I Polaroids omfattande turnéverksamhet var den absoluta højd punkten Riksteatret-turnén i Norge med den professionalism og vänlighet som Riksteatret bjöd på till de grönländska medverkande, dessutom var prestäckningen och recensionerna av Polaroid utan motstycke. Kommentaren från alla medverkande var efter Riksturnén – Vi vill alla flytta till Norge!”

**Anders Berndtsson, Direktör NAPA**

Turnépremierer var i Namsos 13. oktober

Talet på framsyningar: 25

Talet på publikum: 2513

“Helt sinnssvakt, men samtidig morsomt og vakkert. Polaroid snur opp ned på alt vi vet om grønlandsk teater.”

**Avisa Sermitsiaq, Grønland**

“Polaroid viser at kultur kan bryte ned alle grenseskiller.”

**Josef Motzfeldt,  
Grønlands utanriksminister**

“Det mest spennende teater jeg har sett på lang, lang tid”.

**Dronning Margrethe av Danmark**

Med Hanne Dieserud, Bo Anders Sundstedt, Marius Næss og Jørn Morstad.

Regi Ivar Tindberg. Scenografi Christine Lohre. Dokkedesign Grete Larssen. Lysdesign Kristin Tunold-Hanssen. Musikken var komponert av Geir Holmsen og songtekstane av Tine Thomassen.

# Pulverheksa

Av Ingunn Aamodt  
Dramatisert av Tine Thomassen



Teaterversjonen av dei populære barnebøkene på ekstra-turné

Hanne Dieserud tok over rolla som verdas snillaste heks i denne leikande og morosame framsyninga full av song, musikk og overraskingar. Også denne turneen vart ein suksess, og fleire stader måtte vi setje opp ekstraframsyningar.

Turnéstart var i Vadsø 15. januar

Talet på framsyningar: 24  
Talet på publikum: 8440

Dansarar: Snelle Hall, Siri Jøntvedt, Gry Kipperberg (alternerte to om gongen). Muskar: Gyrid Nordal Kaldestad.

Koreografi: Un-Magritt Nordseth. Komponist og musiker: Gyrid Nordal Kaldestad. Scenografi og kostyme: Kathrine Tolo.

# OOUJEEIH!

Babydans frå 0-3 år



I Ooujeeih! inviterte vi barna inn i ei magisk verd – i møte med fantasifulle figurar og spennande musikk. Framsyninga var eit resultat av “Glitterbird – Art for the very young”, der målet er å skape og presentere kunst for barn i alderen 0–3 år. Ooujeeih! vart spelt på dagtid og høvde perfekt for dei aller yngste. Turneen var eit samarbeid med Dansens Hus.

Turnéstart var i Vikersund 15. april

Talet på framsyningar: 27  
Talet på publikum: 2375




## Arrangørane

Arrangørane er ein svært viktig del av Riksteatret sitt arbeid. Dei er siste leddet ut til publikum og legg til rette for sal og marknadsføring av framsyningane våre mot det lokale publikummet. Kulturhus med midlar og kompetanse til å programmere, marknadsføre og selje arrangementa sine merkjer seg ut som svært gode spelestader for Riksteatret. Det er eit mål for Riksteatret å inspirere og stimulere til at alle våre spelestader kjem opp på eit slikt nivå. Gjennom jamleg kontakt på e-post og telefon, møte på kulturhusa og arrangørseminaret har vi gåande ein dialog med arrangørane om samarbeidet vårt. Vi har i dag også ein god dialog med Kulturhusnettverket. At arrangørane har rammevilkår og høve til å ha eit profesjonelt sals- og marknadsføringsapparat med fokus på publikumsoppleving av kulturhuset, er ein viktig faktor for korleis vi når fram til publikum. Publikums-suksessen for 2008 må derfor delast med arrangørane våre.

## Skuletilbod

Riksteatret satsar på å rekruttere neste generasjon publikummarar mellom anna gjennom skolen. Vi har omfattende skuleopplegg og ein eigen tilsett til å ta seg av dette.

Det har blitt utarbeidd pedagogisk opplegg for ulike fag på vidaregåande for nesten alle av Riksteatret sine framsyningar i 2008. Spesiell satsing hadde vi i tilknyting til framsyninga *Mitt namn er Rachel Corrie*. I tilknyting til kvar framsyning hadde skodespelar Kaja Varjord samtaler med skule-elevar og andre publikummarar der mellom anna Midtaust-konflikten vart diskutert. Det vart oppretta ei Facebook-gruppe for kommentarar frå publikum, og mange nytta høvet til å seie noko om kva dei sat att med etter å ha sett stykket.



## Sponsorsamarbeid

DnB NOR har vore Riksteatret sin samarbeidspartnar i fleire år. Det engasjementet for Riksteatret som finst hos DnB NORs regionkontaktar og tilsette ved dei ulike filialane, er rørende, og ein svært viktig ressurs for teatret. Som ein del av avtalen får DnB NOR i dei lokale filialane tilgang på fribillettar som dei gir til kundar og tilsette. Ved kundearrangement gir skodespelarar, turnéleiar eller teatersjef ein stutt introduksjon til Riksteatret og til stykket dei skal sjå. Ved desse kundemøta får Riksteatret høve til å leggje til rette for at nye publikummarar får ei betre teateroppleving når dei går inn i salen. Vi er overtydde om at denne langsiktige avtalen ikkje berre leier til sponsor-midlar, men òg til at vi får fleire fornøgde ambasadørar for Riksteatret rundt i landet.

## Samarbeid

Riksteatret har målretta ein del av marknadsarbeidet inn mot samarbeidspartnarar som set oss i kontakt med særskilde grupper. Gjennom vår avtale med Bokklubben når vi ut til om lag 200 000 kulturinteresserte publikummarar og gir desse rabatt til Riksteatret sine framsyningar. Medlemmene av Utdanningsforbundet utgjer i stor grad vårt kjernepublikum, og samarbeidet med dei gir oss høve til å snakke direkte til dei som går mykje på teater.

I tillegg til desse samarbeidspartnarane har vi prosjektpartnarar for ulike produksjonar. Vi samarbeidde med Involve Yourself i tilknytning til Mitt namn er Rachel Corrie. I samband med Folk og røvere i Kardemomme by gav vi Flyktningeguiden i Røde Kors høve til å ta med seg brukarane sine gratis på framsyning. Slik fekk vi høve til å vise framsyninga til barn som kunne kjenne seg att mellom dei mangfaldige skodespelarane på scenen. Røde Kors-medlemmer fekk også rabattert billett til framsyninga Zivil. Bygdekvinnene får også tilbod om rabattert billett til somme framsyningar. Vi førte vidare samarbeidet vårt med Danseforbundet i tilknytning til @lice, med informasjon og rabattar til danseskular over heile landet.

# Riksteatret - rekneskap 2008

## Driftsutgifter

	i 1000 kr
01-11 Stillingar	55 391
01-12 Ekstrahjelp	6
01-13 Bistillingar	3 494
01-17 Styre, råd, utval	136
01-18 Trygder, pensjonar	8 144
<b>011 Sum lønn og godtgjersler</b>	<b>67 171</b>
01-21 Maskiner, inventar, utstyr	3 273
01-22 Forbruksmateriell	5 375
01-23 Reiseutgifter osv.	23 984
01-24 Kontortenester osv.	6 422
01-25 Konsulenttenester osv.	12 215
01-26 Databehandlingstenester	1 096
01-27 Vedlikehald, drift av maskiner osv.	932
01-28 Vedlikehald av bygg og anlegg	559
01-29 Drift av bygningar, lokalleige	14 068
<b>'012 Sum varer og tenester</b>	<b>67 924</b>
012-013 Rekneskap - sum driftsutgifter	135 095
01 Løyving - sum driftsutgifter	125 111
<b>011-012 Meirutgift i forhold til løyving</b>	<b>9 984</b>

## Inntekter

01 Diverse inntekter	32 800
01 Inntektskrav	28 000
<b>01 Meirinntekt i forhold til inntektskrav</b>	<b>4 800</b>
15 Refusjon arbeidsmarknadstiltak	2
16 Refusjon fødselspengar	424
17 Refusjon sjukepengar	1 485
01-018 Sum inntekter	1 911
<b>01-018 Sum Meirinntekter</b>	<b>6 711</b>


**Årsresultat - netto Meirutgifter**

**3 273**



”Jeg har ventet for evig!  
Hvor er du?  
Hva tenker du på?  
Det må ha gått minst to  
minutter alt nå?  
Du har vel logget deg  
på?”

Frå Amos sang i @lice  
av Kjersti Alveberg



## ÅRSRAPPORT FOR 2008

### 1. Årsrekneskap

Kommentarane nedanfor er relaterte til rekneskap på side 22.

Netto meirutgifter i 2008 var 3,273 mill. Av dette er 1 million sponsormidlar frå DnB NOR som ikkje vart innbetalte i samsvar med inngått avtale i 2008, og faktura med forfall i 2008.

Riksteatret har teke del i EU-prosjektet An Open Europe i 2008. I rekneskapen står prosjektet med ei netto utgift på 0,398 mill. Dette blir dekt av prosjektmidlar frå EU som blir innbetalte i første halvår 2009, etter innlevert sluttrapport. Korrigert for effekten av desse periodiseringsavvika utgjer meirforbruket kr 1,875 millionar, som knyter seg til investeringar, m.a. til ny scenerigg.

Vi viser til brev frå KKD av 05.12.2008 der Riksteatret blir gitt løyve til å overskride løyvinga for 2008 med inntil 2,5 mill. Meirforbruket vil bli innarbeidd i budsjettet for 2009.

Inntekter og refusjonar utgjorde totalt 34,711 mill. Av dette var inntekter på post 332412 32,800 mill. Det er ei meirinntekt på 4,800 mill, dvs. 17,1 % over inntektskravet. Dette kjem i hovudsak av høgare inntekter frå samarbeidspartnarar og sponsormidlar enn det justerte inntektskravet tok omsyn til. Billettinntektene i 2008 var på 17,504 mill., mot 19,399 mill. i 2007. Refusjon frå trygdeforvaltninga på post 332415-19 utgjorde 1,911 mill.

Driftsutgiftene utgjorde totalt brutto 135,095 mill. Meirutgifter var 9,984 mill, dvs. 8,0 % av utgiftsløyvinga, som var på 125,111 mill. Hovudårsaka til meirutgiftene er tidleg igangsetjing av jubileumsåret 2009, m.a. i samband med nysirkusframsyninga Dråpen.

Vidare utgjer om lag kr 560 000,- auka diettkostnader, som følgje av regulering av diettsatsen i mai 08. EU-prosjektet "An Open Europe" belasta utgiftene med knappe 400 000,-.

Riksteatret har ei fordring frå 2005 på ca. kr 65 000. Fordringa er forsøkt innkravd både i 2006 og 2007, også ved hjelp av privat inkassobyrå. Riksteatret har i brev av 08.12.08 søkt KKD om å avskrive dette kravet. Svar vart motteke 06.02.09.

Nokre mindre krav er avskrivne i 2008 (til saman kr 597,16).

I oversynet under følgjer nokre nøkkeltal for verksemda for 2007 og 2008.

	2007	2008
Utgiftsløyving	111 583	125 111
Inntektskrav	-22 000	-28 000
Nettoløyving	89 583	97 111
Rekneskapsførte utgifter	113 107	135 095
Rekneskapsførte inntekter og refusjonar	-28 016	-34 711
Rekneskapsførte nettoutgifter	85 091	100 384
	2007	2008
Utgifter direkte knytte til prosjekta	52 815	72 621
Del av prosjektutgifter i % av bruttokost	47 %	54 %
Samla inntekter	28 016	34 711
Inntekter i % av bruttokostnad	24,8 %	25,7 %
Snitt billettpris	137,-	143,-



## 2. Resultatrapport

Riksteatret sine oppnådde resultat i høve til dei resultatmåla som er trekte opp i tildelingsbrevet for 2008.

Riksteatret sin samla aktivitet i 2008 blir stutt omtalt innleiingsvis i høve til dei strategiar, hovudprioriteringar og satsingsområde som er omtalte i tildelingsbrevet.

- **Gjere scenekunst av høg kunstnerisk kvalitet tilgjengeleg for flest mogleg**

Riksteatret har i 2008 spelt 622 framsyningar fordelte på 13 produksjonar. Framsyningane er formidla til 74 spelestader i heile Noreg og er sett av eit samla publikum på 136 488. Rogaland Teater i Stavanger har vore vårt hovudsamarbeidsteater i 2008, og våre to samarbeidsframsyningar, Little Me og Barnet, har vore vist i Stavanger og på turné for Riksteatret. Vi har hatt godt besøk i 2008, og over 50 % av publikum var barn/unge. 2008 var eit år med høgt ambisjonsnivå; mange store produksjonar på turné, og samarbeid med rekordmange kunstnarlege institusjonar og teater. Vi avvikla også den 10 dagar lange mangfaldsfestivalen TWIST 08 for første gong.

- **Fremje kunstnarisk utvikling og fornying**

Mangfaldsåret sette sitt preg på teatret, og med eit samfunnsengasjert og aktuelt repertoar har publikum fått eit tilbod med stor spennvidd.

Ei Marokko-inspirert oppsetjing av Folk og røvere i Kardemomme by vart publikums favoritt med 45 000 framømte, og det mangfaldige castet gav nye dimensjonar til Egner-klassikaren. Norsk figurteater av høg kvalitet var representert ved Pulverheksa, og nykommaren babydans gledde dei aller minste.

Norsk dramatik har stått sentralt, med tradisjonelle og moderne klassikarar – både Holberg og Jon Fosse. Vi har vist høgaktuell samtidsdramatik; Erlend Sandems Zivill var nyskrive for Riksteatret, og hausta både kritikarros og debatt med det kontroversielle innhaldet sitt. To svært ulike kvinne-monologar tematiserte krig: internasjonale Mitt namn er Rachel Corrie og Bente Børsum sin personlege tekst Min forestilling om mor.

Samarbeidet med Rogaland Teater gjorde storsatsinga Little Me mogleg, ein leiken Broadway-musikal ny i Noreg – og vist til stor begeistring både på turné og i Stavanger.

Dansen trefte eit ungt og entusiastisk publikum: @lice var ein samproduksjon med Rikskonsertane der dans, musikk, animasjonar og figurteater gjekk opp i ein kunstnarleg heilskap. Jo Strømgren si grønlandsk-produserte framsyning Polaroid kompletterte tilbodet.

I samarbeid med Nordic Black Theatre og Det Åpne Teater laga vi TWIST 08, ein ny festival med internasjonale gjestespel og nye framsyningar, av unge kunstnarar med fleirkulturell bakgrunn.

#### • Målrette verksemda og utnytte ressursane best mogleg

Riksteatret har aldri tidlegare nytta så stor del av totale kostnader til produksjon som i 2008: brutto heile 72 millionar, eller 54 %. Teatret sine driftskostnader har auka med berre pris og lønnsvekst, trass i investeringar og viktig utviklingsarbeid. Dette fører med seg at store ressursar er flytte inn i produksjonane; om lag 120 kunstnarar innanfor ulike felt har vore engasjerte i løpet av året. Vår strategiske handlingsplan er revidert, og vedteken i desember 2007. Det er vedteke nye verksemdsplanar gjeldande frå 2009.

Teatret har i 2008 innført nytt lønns- og tidsregistreringssystem frå SSØ, og vi har produsert og gjort tilgjengeleg elektronisk personalhandbok.

I løpet av 2008 har vi gjennomført vår IT-strategi, og har etter ein full anbudsprosess gjort avtaler om nytt saksbehandlarsystem, nytt billettsystem og nytt intranett. Systema er under implementering, og vil gjere sitt til å sikre utvikling og effektivisering.

Det er også gjennomført anbudsprosess innanfor transport, og eit nytt busselskap, Bussring, tek over transport på turné frå 1.1.2009 til gunstig pris.

Samarbeidet med resten av Teater-Noreg er utvida, og verkar med til både ressurseffektivisering og kompetanseheving. Bruk av lokala i Nydalen har vore omfattande, både til prøver, framsyningar og utlån. Vi har gjort store investeringar i nytt utstyr, og dessutan oppgradert Store sal akustisk og estetisk.

### 3. Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Riksteatret har i Mangfaldsåret lagt stor vekt på å inkludere fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Vi har hatt brei og bevisst casting til ei rad med produksjonar, og det er derfor først og fremst blant dei engasjerte at talet har auka. Når det relativt held seg på same nivå, kjem det av den store auken i engasjerte kunstnarar. Vårt mangfaldsarbeid held fram i 2009, og storproduksjonen Dråpen har ei brei internasjonal deltaking.

### 4. Likestilling

Riksteatret har medvite søkt kjønnsmessig balanse i alle avdelingar. Leiargruppa består av sju kvinner og tre menn. Teatret som heilskap har ei jamn kjønnsfordeling. Det er likevel kjønnsmessige skilnader i avdelingane. På teknisk side har vi til dømes 30 % kvinner, medan vi på administrativ side har tilsvarande overvekt. Det blir lagt vekt på rekruttering som er med på å skape kjønnsmessig balanse i dei respektive avdelingane.

### 5. IA-avtalen

Riksteatret har ei systematisk oppfølging av sjukmelde, i samsvar med IA-avtalen. Dette inkluderer ein løpande dialog med den sjukmelde, og ei eventuell tilrettelegging av arbeidsoppgåver. Riksteatret har avtale om bedriftshelseteneste, og har sett i verk førebyggjande tiltak, slik som allmenne helseundersøkingar og gratis kollektiv influensavaksine. Vi stør også etter søknad behandling som førebyggjer sjukmelding, eller verkar til å føre sjuke tilbake til jobb. Vi har særskild oppfølging av langtidssjukmelde, med både personlege samtaler og praktisk hjelp til å få den sjuke tilbake til jobb.

Riksteatret har i samarbeid med dei tillitsvalde utarbeidd ein seniorpolitikk. Om lag 10 % av dei faste tilsette er over 60 år, og er gjennomgåande ved god helse, har lågt fravær og er høgt verdsette arbeidstakarar. Tiltak frå seniorpolitikken inkluderer m.a. regelmessige planleggingssamtaler frå fylte 60, med tanke på å tilpasse arbeid og ønske. Seniorar får også tilbod om pensjonistkurs som skal førebu dei til pensjonisttilværet.

## 6. Systematiske brukarundersøkingar

I samarbeid med arrangørane våre prøver vi å gjennomføre brukarundersøkingar retta mot publikum. Dette er rett nok kostnadskrevjande, men gjennom Forum for kultur og næring har vi kunna ta del i ei omfattande undersøking. Vi har også gjennomført ei pilotundersøking direkte overfor publikummet vårt. Dette arbeidet vonar vi å kunne utvide på ulike måtar i 2009.

## 7. Miljøarbeid

Riksteatret strevar etter ein miljøprofil, og arbeider etter retningslinja for Grøn stat. Vi kildesorterer avfall, bruker miljøpapir og driv aktiv energisparing i Nydalen. Det siste året har vi innført nye avgrensingar for bruk av løysemiddel i produksjonane. Vår omfattande reise- og turnéverksemd går primært føre seg med kollektivtransport.

Riksteatret har ein handlingsplan for miljøatsinga, og arbeider no med å vidareutvikle denne.

Oslo, 10. februar 2009

Riksteatrets styre:

Marit Reutz



Steinar Ness



Per Nordstrøm



Shanti Brahmachari

Monique Skavlan Sunderland




Mette Gøransson



Bo Anders Sundstedt



## Prosent av totalbesøk



### Produksjon


Tal spelte frams.

Besøktal

% av totalt besøk

Produksjon	Tal spelte frams.	Besøktal	% av totalt besøk
Kardemomme by - haust	68	27018	20 %
Kardemomme by - Oslo	10	6454	5 %
Little me	46	11242	8 %
Little me - Rogaland Teater	33	9910	7 %
Polaroid	25	2513	2 %
Zivil	31	1770	1 %
Kom ikkje med heile sanningi	37	4171	3 %
Mitt namn er Rachel Corrie	36	3036	2 %
Mitt namn er Rachel Corrie -DNT	27	1906	1 %
Jeppe	46	12698	9 %
Jeppe - Nationaltheatret	18	6795	5 %
Barnet	29	3409	2 %
Barnet - Rogaland Teater	40	2359	2 %
Min forestilling om mor	28	4110	3 %
Pulverheksa	24	8440	6 %
Ooujeeih!	27	2375	2 %
Kardemomme by - vår	33	11664	9 %
@lice	38	7239	5 %
Oslo - Nydalen	28	4705	3 %
Twist o8	53	5083	4 %
<b>Total</b>	<b>677</b>	<b>136.897</b>	<b>100 %</b>

## Tal framsyningar pr. fylke



### Tal spelte framsyningar i fylket

### Tal framsyningar

### Tal publ.

Akershus	13	4236
Aust-Agder	24	5613
Buskerud	34	6758
Finnmark	16	2764
Hedmark	22	3637
Hordaland	11	1886
Møre og Romsdal	38	9228
Nord-Trøndelag	33	5660
Nordland	35	8084
Oppland	35	6238
Rogaland	104	19973
Sogn og Fjordane	26	6073
Sør-Trøndelag	28	4772
Telemark	29	5605
Troms	26	6044
Vest-Agder	25	5404
Vestfold	31	7268
Østfold	11	2711
Oslo	136	24943
<b>Total</b>	<b>677</b>	<b>136.897</b>

## Barnet-rapport fra nord

Forestillingen Barnet er ute på turné med Riksteatret. Underveis sender skuespillerne rapporter fra turnélivet. Turen gjennom Troms og Nordland er tema for dette reisebrevet fra Øystein Martinsen.

### TROMSØ

Etter seks år i eksil varmet det mitt nordnorske hjerte at turnéen skulle bevege seg mot mørketid og høye brøytekanter. Snø er jo mitt naturlige element, og Stavanger har vel strengt tatt aldri klart å varte opp med en ekte vinter. Etter noen herlige dager i min adopterte hjemby med hjemmekos og vestlandsklima, var det en overraskende nervøs gjeng som møttes til nypremiere i Tromsø.

Snøen var på plass, men vi hadde dessverre klart å dra med oss regnet oppover, så det var mer slaps enn vinteridyll å spore i nord. Men Tromsø er nå en gang Norges beste by (med Stavanger på en hederlig andreplass), og mottagelsen var upåklagelig. Tromsøs velutviklede uteliv innfridde også eventuelle forventninger for de aller fleste, og for min egen del gjorde det godt med et par netter i barndomsheimen.

### HARSTAD

Fem timer i buss gjør sitt for både eldre og yngre setemuskler, men de skal nok herdes i løpet av disse ukene. Ettersom Barnet ble jobbet frem på Intimscenen på Rogaland Teater, har vi brukt en del tid for forestillingene på å tilpasse oss de forskjellige lokalene rundt om i landet. En slags premiere hver eneste kveld. Storsalen i Harstad kulturhus kunne nok, med sine 500-600 seter, virke litt avskrekkende på en liten Fosse-gjeng, men det virker likevel som forestillingen kler det store formatet. Som en ørliten bonus lå hotellet i samme bygg som spillelokalet, og det passet bra med tøffel-avstand til rommene etter en lang dags ferd mot Harstad.

### STOKMARKNES

Kjøreturen mellom Harstad og Stokmarknes er en av de finere Nord-Norge har å by på. Da snøstormen tok en liten pause og lot selveste sola titte fram, satt både superlativene og hakene løst.

Fjellene er helt ubeskrivelige. Når man er oppvokst med slikt, kan man kanskje miste litt perspektiv på hvor vakkert det er i nord, men etter årene borte må man bare gi seg hen til naturen. Som vår kjære turnéleder Ole Lillo-Stenberg sier: - Blasert kan man bli etter sin død!

Hotellet på Stokmarknes hadde noe så eksotisk som en rad med rorbuer i vannkanten. Flere av oss var såpass eventyrlystne at vi ville prøve oss på litt villmarksliv, selv om disse buene nok var mer tilpasset tyske turister enn nordnorske fangstmenn. Frøknene Mønness og Hole holdt ut i hele 10 minutter før de byttet til ekte hotellrom og den tryggheten trådløst internett og minibar gir. Men de gjenopprettet delvis sin ære ved å bestille henholdsvis hval-wok og hval-snadder til lunsj. Snøen lavet ned under hele oppholdet, men Stokmarknes sentrum kunne heldigvis by på altnulig-butikken Røver'n, hvor vi hamstret vinter tøy til en unaturlig billig penge. Etter en fin forestilling i det hurtigruteformede kulturhuset, rundet vi av kvelden på den noe eien dommelige restauranten Isqueen, hvor vi mesket oss med blant annet boknafesk, torsketunge og ishavsørøye med vaniljesaus(!).



Mariann Hole i Stokmarknes. Foto: Øystein Martinsen.

## HURTIGRUTA

Ikke et vondt ord om busskjøring, men variasjon er jo som kjent roten til mye godt. Nordstjernen er den eldste hurtigruta i drift, og vi var så heldige å få seile med den fra Stokmarknes til Bodø.

Dessverre var det dårlig sikt, men selv da er Lofoten en praktfull opplevelse. Stemningen i ensemblet var meget god, og etter liten snøballkrig på dekk (til glede for diverse turister) var det duket for middag ved kapteinens bord. Kapteinen viste seg merkelig nok ikke, men bordet hans var det lite å si på. Utpå natten klarnet været, og innseilingen til Bodø i måneskinn var nydelig.

## MO I RANA

Vi tok Nordlandsbanen fra regn og is i Bodø og inn i snøen i Mo i Rana. Her var vi en del av Vinterlysfestivalen, hvor over 60 forestillinger ble spilt i løpet av helgen. Ettersom vi hadde en fridag her, fikk man med seg mye fint teater, men den største kulturopplevelsen kom på kino. For å få litt etterlengtet stavangerstemning, dro en gjeng og så Mannen som elsket Yngve. Filmen var flott, men rosinen i pølsa var så absolutt Marko Lunds kremrolle som narkolanger.

Etter å ha reist med innleide busser, båt og tog, møtte vi endelig Riksteaterbussen og vår supersjåfør Tore, som leder oss gjennom alle slags føre med stø hånd. Kompassnåla peker nådeløst sørover, og nå begynner Nord-Norge å bli et fjernt minne. Bloggpinnen overleveres derfor til selveste Mette Langfeldt Arnstad, som med sin bakgrunn passer perfekt til å komme med lune betraktninger om sitt trønderske opphav.

Hurra for turné!



Den landsatte hvalfangstskuta *Isqueen* er ombygget til restaurant. Foto: Øystein Martinsen.



Turnéleder Ole Lillo-Stenberg og skuespillerne Marian Hole, Ragnhild Arnstad Mønness og Marko Kanic gikk om bord i hurtigruta Nordstjernen i Stokmarknes. Foto: Øystein Martinsen.

# TAKK FOR GODT SAMARBEID I 2008:

Rogaland Teater – vår hovedsamarbeidspartner

Nationaltheatret

Rikskonsertene

Nordic Black Theatre

Det Åpne Teater

Det Norske Teatret

Chateau Neuf

Jo Strømgren Kompani

NAPA / Nordens Institut i Grønland

Dansens Hus

EUs kulturprogram

Théâtre des Bouffes du Nord

Al Kasaba Theatre Group

Betty Nansen Teatret/ Contact

Den Nationale Scene

Hordaland Teater

Sogn og Fjordane Teater

Wakka Wakka Inc.

Figurteatret i Nordland

Interkulturelt museum

Stavanger 2008 – Open port

Mangfoldsåret 2008

P:unkt Prosjekt – Akershus Teater

Västanå Teater

Beaivvás Sámi Teáhter

Samiska Teatern i Kiruna

Den norske Helsingforskomité

Skuespillersenteret

Pharos Produksjoner

Teater Liksom

AIDA

Didá

An Open Europe

One Unity

Det Norske Studentersamfund

Handelshøyskolen BI

Studentforeningen på BI

Niss

Bydel Nordre Aker

Nobels Fredssenter

Hauge Tveitt 08

Involve Yourself

Røde Kors Flyktningeguiden

Institusjonen Fritt Ord

Utenriksdepartementet

Oslo Sporveier

Nydalen Gårdeierforening

Centre Culturel Francais Oslo

Norges Danseforbund

Bokklubben

Utdanningsforbundet

DnB NOR



RIKSTEATRET

[www.riksteatret.no](http://www.riksteatret.no)  
Gullhaug Torg 2, 0484 Oslo